

**Notat**

Dato: 11.04.2016  
Arkivsak: 2015/12737-10  
Saksbehandlar: ingedva

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Prøveordning om utbygging av gang- og sykkelveggar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett etter forenkla standard**

På møte i fylkestinget i desember 2015 vart det gjort følgjande vedtak i samband med sak om årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019:

*«Etter modell av samferdselsdepartementets forsøk med enklare utbygging av gang- og sykkelveggar langs riksveggar etablerer Hordaland fylkeskommune eit forsøk med enklare utbygging av gang- og sykkelveggar langs fylkesveggar i Hordaland.*

*Fylkesrådmannen vert beden om å fremja ei sak til handsaming i Hordaland fylkesting 1, halvår 2016 med rammer for forsøket.»*

Formålet med denne saka er i gi ei «løypemelding» på kor prosjektet om enklare løysingar for gang- og sykkelveggar står.

Samferdselsdepartementet inviterte KS i brev av 11.11.2015 til et samarbeid med sikte på å få bygd meir gang- og sykkelveggar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett. Bakgrunnen var at statsråden hadde mottatt fleire innspel frå kommunar og fylkeskommunar om å byggje enklare gang- og sykkelveggar enn det som Statens vegvesen tilrår.

Hordaland fylkeskommune mottok brev frå KS 14.12.2015 med invitasjon til kommunar og fylkeskommunar om å delta i ei prøveordning om utbygging etter forenkla standard. Fylkeskommunen vidaresendte denne invitasjonen til kommunane i fylket 21.12.2015. Etter ein kort frist kom det inn forslag til prosjekt frå 4 kommunar, i tillegg meldte fylkeskommunen i samarbeid med Bergen kommune inn prosjektet snarveggar knytt til Bybanen byggetrinn 1 og 2.

Fylkeskommunen vidaresendte dei innkomne prosjekta, med ei kort tilråding, attende til KS 29.12.2016. På førespurnad mottok fylkeskommunen 14.03.2016, informasjon om at dei innsendte prosjekta var sendt til Samferdselsdepartementet for vidare handsaming. Sakene ligg per dags dato for vurdering i Samferdselsdepartementet, som i det vidare arbeidet vil involvere Statens vegvesen når konkrete prosjekt skal plukkast ut.

Brev frå KS og brev frå fylkeskommunen med innsendte prosjekt frå kommunane er lagt ved denne meldinga.

Fylkesrådmannen vil komme attende til fylkestinget når Samferdselsdepartementet har ferdighandsama dei prosjektsøknadane som er med i prøveordninga.

- 1 Gang- og sykkelveggar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett: prøveordning om utbygging etter forenkla standard - Oversending av innkomne prosjekt frå Hordaland
- 2 Prøveordning om utbygging g/s-veg etter forenkla standard - prosjekta frå kommunane
- 3 Prøveordning med forenkla standard for gang -og sykkelveg – Invitasjon frå KS